



# Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen

NVE, konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Deres ref.:  
201700791-6 kv/jfj

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
12N/18swb

Dato: 10.09.2018

## Høyringsuttale, revisjon av Uste- Hallingdalsvassdraget.

Me syner til utsend høyring av revisjonsdokument for reguleringa av Uste-Hallingdalsvassdraget.

Vedlagt ligg villreinnemnda og villreinutvalet for Nordfjella sitt brev til Hol kommune med innspel til saka (ref.10N/15, datert 17.11.2015 (dokumentet er kalla sak 21-N15)), der med bed kommunen om å inkludere tema villrein i revisjonskravet. Då brevet vart skreve var me orientert om at kommunen arbeidde med eit revisjonskrav for vassdraget. Me visste ikkje då om det tette samarbeidet mellom kommunen og kraftselskapet som ein fekk under utarbeiding av revisjonsdokumentet, men me ser det som naturleg at kommunen, med si rolle som forsvarar av allmenne interesser, tok med seg villreinnemnda sine tankar inn i arbeidet.

I brevet skildrar me det berørte området grundig, med tanke på rein. Vidare understrekar me at det so langt ikkje er gjennomført villreinfaglege undersøkingar som kastar lys på utbygginga av vassdraget sine konsekvensar for rein. Me syner at det er høgst truleg at oppdemminga av Ørteren har redusert trekkmoglegheitene til rein monaleg i området mellom Hardangerjøkulen og yttergrensa av villreinområdet mot aust. Med det har den også redusert utvekslinga mellom Hardangervidda og Nordfjella. Dette området har vore eit kjerneområde med god førekomst av dyr. Trekkrutene i området er strengt bestemt av terreng og landskap, noko som er bevitna gjennom lokalisering av historisk viktige fangstanlegg.

Me legg merke til at det ligg ei rekke fagutgreiingar på ulike tema som vedlegg til revisjonsdokumentet. Tema villrein har likevel ikkje fått merksemd anna enn ein påstand om at reguleringa ikkje har hatt nemneverdige negative verknader på villrein og jakt (s. 39) og ei avvising av at det er mogleg å gjere tiltak for rein innanfor reguleringa (tabell s. 38). Påstanden er ikkje ein konklusjon frå nokon diskusjon av tema i revisjonsdokumentet eller nokon vedlagt dokument. Det er, så langt me kan sjå, ikkje innhenta kunnskap utover villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen og villreinutvalet for Nordfjella sitt brev (sitert på s. 27).

Revisjonar av vilkåra til kraftkonsesjonar er ein svært viktig moglegheit Norsk forvaltning no har for å kunne betre tilhøva for villrein gjennom å redusere skadeverknadane kraftutbygging har hatt på rein. Denne effekten vil ein ikkje oppnå dersom villrein ikkje vert eit viktig tema i alle revisjonar der delar av kraftanlegga ligg i villreinområde. Villreinnemnda har ved mange høve halde fram for NVE, og for andre, at ein ikkje vil kunne sjå dei reelle skadeverknadane for rein utan å sjå utbyggingane i leveområda i samanheng. Ein slik heilskap ser me at NVE no byrjar å opne opp for når me går gjennom deira forslag til nye vilkår for Hemsilvassdraget (innstilling til OED, ref. 200700391-48 kv/jfj). Her heiter det, under post 8, Naturforvaltning, pkt. III, «Konsesjonæren kan også tilpliktet å delta i delfinansiering av større undersøkelser som omfatter områdene som direkte eller indirekte berøres av reguleringen».



# Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen

Ved å syne til område som indirekte vert råka av utbygginga vil ein kunne fange opp t.d. fjellareal som er komen i le av eit magasin, med reduserte tilkomstveggar for rein og med det mindre høve til å utnytte beitepotensialet. Ei slik effekt har høgst truleg oppdemminga av Ørteren hatt.

**Villreinnemnda vil be om at det vert gjort ei vurdering av Uste- Hallingdalsvassdraget sin verknad på rein, der ein har eit heilskapleg perspektiv og set utbygginga i samanheng med belastninga frå kraftutbygging både på Hardangervidda og i Nordfjella, før revisjonen vert slutthandsama. Særleg lyt ein vurdere Ørteren saman med konsekvensar av oppdemminga av Halnefjorden, og den samverkande effekten av desse utbyggingane og Rv7.**

Det pågår no revisjon for Holsvassdraget, der to store vatn aust i Nordfjella hindrar trekk nord-sør, og for Hemsilvassdraget med same effekt lengre nord. Den siste er oversend med innstilling frå NVE til OED. Desse to sakene gjeld konsesjonar som tilhøyrrer same regulant som Uste- Hallingdalsvassdraget (E-CO), noko som fjernar ein del av dei hindringane NVE tidlegare har peika på når det gjeld å sjå konsesjonar i ulike vassdrag i samanheng. Det er heller ikkje (lengre) stor tidsforskjell på revisjonane på austsida av Nordfjella; trass i at revisjon for Hemsilvassdraget kom på høyring i 2013 vart NVE si innstilling til OED oversend først våren 2018. For Holsrevisjonen er høyringa gjennomført, men saka er ikkje ferdig handsama av NVE, og høyringa på Uste- Hallingdalsvassdraget sin revisjon er då altså straks gjennomført. For Aurlandsvassdraget, vest i området, er det og opna revisjonssak.

Med helsing Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd

konst. leiar

Trygve Skjerdal

sekretariat

Siri Wølneberg Bøthun

Kopi til:

OED

Fylkesmannen i Buskerud

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Miljødirektoratet

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet

Hardangervidda villreinutval

Villreinutvalet for Nordfjella

Hol kommune

---

Sekretariatsadresse:

Sogn Naturforvaltning AS  
Fresvikvegen 995, 6896 Fresvik  
post@sbnatur.no / 975 14 784